Avregningsbrevet du mottar er brutto beløp. Dersom du har trekk på avregningen, vil du få melding med spesifikasjon av trekket ved forfall, ca en uke etter avregningsbrevet. Trekket kommer som fradrag ved selve betalingskjøringen.

Avregningsbrevarkiv

Avregningsbrevet du mottar er brutto beløp. Dersom du har trekk på avregningen, vil du få melding med spesifikasjon av trekket ved forfall, ca en uke etter avregningsbrevet. Trekket kommer som fradrag ved selve betalingskjøringen.

Fakturaarkiv

I fakturaarkivet finner du alle dine fakturaer fra Nortura som eksempelvis på livdyrkjøp, rådgivingstjenester og medlemskjøp.

Min profil

På Min side under Min profil kan du endre din personlige informasjon som telefonnummer og e-postadresse, og du kan melde deg på SMS-varsling av prisinformasjon på ditt dyreslag. Er du Norturamedlem, får du også en del nytlig informasjon kun på e-post, så riktig e-postadresse er vesentlig.

Ved å huke av for SMS-varsling, har du alltid oversikt på prisendringer som kommer.

The screenshot shows a user interface for profile settings. It includes fields for 'Avregningsbrev på e-post' (checkbox checked), 'E-post = Avregningsbrev' (checkbox checked), 'Samme som e-post?' (checkbox checked), 'Prisinformasjon på SMS' (checkbox checked, circled in red), and animal selection checkboxes for 'Gris' (unchecked), 'Storfe' (unchecked), 'Sau' (checked), 'Fjørfle' (unchecked), and 'Egg' (unchecked). A green button at the bottom right says 'LAGRE ENDRINGER I PROFIL'.

Skaff deg passord

Nortura SA er knyttet opp til tjenesten «Felles brukernavn og passord i landbruket», Landbrukskatalogen, som eies og driftes av Produsentregisteret SA. Påloggingsinformasjonen er den samme som for pålogging til KSL, Tine, Geno, osv. Brukernavn er identisk med det 10-sifra produsentnummeret, og passordet har 8 tegn.

Har du ikke har passord, kan du bestille det hos Produsentregisteret som administrerer tildeling av passord, kontakt på e-post: prodreg@prodreg.no eller telefon **22 05 47 30**. Du kan også gå direkte på www.prodreg.no og resette ditt passord.

Har du ny adresse?

Om du har fått ny gateadresse eller andre endringer på din adresse eller e-postadresse, er det viktig at du oppdaterer den. Innføring av gateadresser i nye områder som ikke har hatt det tidligere gjør at post som ikke inneholder fullstendig adresse ikke kommer fram til deg, og du kan du gå glipp av viktig informasjon.

Du kan ringe medlemssenteret på **955 18 400**, eller sende oss en e-post på medlem@nortura.no med din nye adresse, husk da å skrive ditt leverandørnummer i meldingen. Sjekk samtidig om det er riktig e-postadresse som ligger inne på deg, vi får en del e-post i retur på grunn av feil i adressen. Det kan være bare en bokstav, eller et tegn.

Registrer deg på Landbruks Dataflyt

Nortura har elektronisk avregningsbrev for alle leverandører og medlemmer. Avregningsbrevet sendes som e-post, og kun om du har reservert deg mot å få e-post, vil du få det i posten. Det er da viktig at du gjør som 12 000 andre bønder og registrerer deg i Landbruks Dataflyt. De aller fleste regnskapsførerne i Norge har tilgang til Nortura sine avregninger elektronisk via «Dataflyt i landbruket». Dermed er det ikke lenger behov for avregningsbrev på papir som regnskapsbilag. Regnskapsfører får avregningen ferdig kontert i regnskapet. Om du ikke allerede har tatt dette i bruk, må du registrere deg i samtykkeregisteret på landbruksdataflyt.no for at regnskapsføreren skal få tilgang til dine avregninger elektronisk. Alternativt kan du skrive ut bilaget selv. Snakk med din regnskapsfører, eller les på landbruksdataflyt.no hvis du trenger mer informasjon.



Ragnhild og Finn viser fram ROS-porselen samlinga



Mange Apper å halde styr på når radiobjøller skal monterast



Enkelt, men rasjonelt sauefjøs

Dersom du skal ha eit møte med leiaren for Bondelaget, Sau og Geit og lammeringen i Hamarøy og Tysfjord, så treng du ikkje å kalle inn så mange. Ragnhild Engan er nemleg leiar for alle desse lokallaga. I tillegg er ho AU-medlem småfe for Nord-Noreg, og leiari i det nasjonale Fagutvalet for småfe i Nortura. Ragnhild og ektemannen Finn er i toppsjiktet i landet både når det gjeld slaktekvalitet på lam, saueavl og gjeterhund. I slutten av mai pakka vi difor sekken og reiste til Krokan Gård for å bli enda betre kjent med to eldsjeler for sauene og sauemiljøet i Nord.

Av Finn Avdem, fagsjef småfe i Nortura

Krokan Gård er eit bureisingsbruk frå 1980, rydda av far til Finn. Finn mimrar om lange dagar med plukking av røter og stein, men etter kvart vart det bygd sauefjøs med plansilo og dyrka 56 mål med jord.

Eldsjeler for sauene

Finn har alltid vore interessert i sau og bondeyrket, og fekk overta garden i 1992, som 25-åring. Sidan den gongen har det vore ei rivande utvikling på Krokan. Meir leigejord vart tilgjengeleg når naboar la ned drifta, saueflokkene vart større og det vart trøngt om plassen i sauefjøset. I år 2000 kom Ragnhild til gards. Ho var alt ein erfaren sauebonde, og hadde med seg 130 sauere på flyttelasset. Mykje sau og liten plass betyr mykje arbeid med logistikk og improviserte rom for sau.

Nytt sauefjøs

Ragnhild og Finn byrja difor å planlegge nytt fjøs og i 2005 stod nytt sauefjøs klart, eit uisolert, enkelt fjøs med naturleg ventilasjon. Den nedste lekta under tømmermannspanelen er løfta, slik at det kjem luft inn nedanfrå og går ut gjennom det opne mønet. Det er to langsgåande 80 cm breie fôrbrett, og kvar binga er 2,10 m djupe. Innreiinga er sjølvsnekra av tre med langsgåande eteplasseringar. Einaste mekaniseringa er ein takhengt rundbal-

lerivar frå TKS. Den vart heller ikkje så dyr, fordi plansiloen i det gamle fjøset vart bygd om til sauefjøs. Da trøng ein ikkje silotalja lenger, og skinnene kunne brukast til rundballerivaren.

Kostnaden for nyfjøset til 300 sau, med to meter høg gjødsel-kjellar under, inkludert rundballerivar, kom på 1,2 millionar eller kr 4000 per sau. Ragnhild fører rekneskapen sjølv, og veit kor viktig det er å halde dei faste kostnadene nede for å få overskot og god økonomi i drifta. Det gamle sauefjøset med ca 100 sører blir føra manuelt med trillebår, og kraftføret blir også tildelt med bøtte oppå grovføret. Det er gjort to endringar etter at fjøset var nytt. Strekkmetallet i bingane er bytta ut med plastgolv. I samband med dette så vart også bingefronten skifta ut. Ein laga da stengsel, slik at ein kunne stenge søyene ute i samband med fôringa. Dette gjorde at søyene dreg mindre fôr inn i bingane. Spesielt når det er kaldt, så er det lett å sjå at sauene trivst betre på plast enn på



Frå overskotslam-fjøset på Krokan. Overskotslam skal ha godt grovfôr.



strekkmetal. Ulempa er mindre kluvslitasje. Elles fungerer sauefjøset veldig bra.

Gjennomtenkt grovfôrstrategi

Før hadde nesten kvar familie ein liten flokk med sau, og gardsdrifta var kombinert med fiske. Dette er det nesten slutt på. Ragnhild og Finn haustar rundballar på 500 mål jord, og ytterlegare 400 mål blir berre beita. På gjødselplanen står det 27 skifte, og dei må køyre 6,4 mil for å koma til den jorda som er lengst borte. Mykje av denne jorda hadde nok gått ut av drift om ikkje Ragnhild og Finn hadde hausta graset. Ein må tenkje strategisk korleis ein dyrkar grovfôr med ein slik jordveg. Skifta næraast garden blir pløgd og gjødsla godt med møkk. Her blir kvalitetsfôret til lamming dyrka. Dei brukar i alt ca 6-700 rundballar på 400 søyar. Målet er at 2-300 av desse rundballane skal ha "lammingsfôr-kvalitet". Lang frakt krev også effektiv transport. Dei har difor investert i ein rundballehengar som blir brukt heile innefôringssesongen for å hente grovfôr rundt omkring. Jorda på Krokan får ein god porsjon møkk, blir pløgd og tilsådd med Italiensk raigras kvart år. Dette beitet blir brukt til overskotslam og som sluttfôring til slaktelam om hausten. Tilveksten blir veldig bra på raigrasbeitet, spesielt når hausten er tørr og fin.

Kvalitetsproduksjon av lam

Krokan gård gjer seg fortent til ROS-porselen (ROS= ResultatOversiktSlaktedata) frå Nortura stort sett kvart år.

Korleis greier de å produsere lam med så god slaktekvalitet?

- Mykje handlar om bevisst plukkslakting, seier Finn. Mange lam med feitt-trekk nyttar ikkje om ein skal hevde seg på ROS. Alle slaktelamma blir sortert ut ved sinking og går på gode raigrabeite heime på Krokan. Kvar einaste veke blir slaktelam-flokken sendt gjennom ei elektroniske vekt med sorteringsanlegg. I starten på sesongen er vektgrensa ca 45 kg, litt lågare på

søyelamma. I tillegg kjenner Finn på ryggen til alle lamma for å vurdere haldet. I 2018 viser resultatet 98,3 % Stjernelam og berre 1,5 % av lamma hadde feitt-trekk. På grunn av trening av gjeterhund, har dei skaffa seg nokre soyer av farga spælsau. Dette er ei mindre rase, og det er også viktig å setje ned vektgrensa for spælsaulamma. Elles blir det fort feitt-trekk. Dei har fått sansen for spælsauen, og det kan nok bli litt fleire av denne rasen framover.

Når beitet ute blir for dårleg, blir slakte-lamma sortert etter kjønn og sett inn på grovfôr og kraftfôr. Det er viktig å ikkje vente for lenge med å setje inn slakte-lamma, slik at tilveksten ikkje stoppar opp.

Interesserte avlsfolk

For å få eit godt resultat, ligg det alltid eit godt avlsarbeid i botnen. Også her er Ragnhild og Finn i landstoppen. Dei er med er med i Salten Værring, og mange av prøvevêrane i denne ringen kjem frå Krokan. Tre vêrar har gjort det så godt at dei vart plukka som seminvêrar til Staur. Seminvêrane Stas Krokan og Filo Krokan er båe søner etter søya 22350. Dette er ei veldig god sôye som er født i 2012 som lever enda. Ho er ei av Nor-X søyene som enda finst i flokken etter at Ragnhild og Finn var avlsbesetning for kjøtsau for Nortura i ein del år. Nor-X søyene er veldig haldbare og gode dyr, synes Finn.

Reiskapshuset på Krokan Gård er arena for det lokale kåringssjået kvar haust. Da stiller Ragnhild opp med fårikål til både utstillarar, dommarar og andre interesserte. Dei kunne ynskt seg større interesse for kjøp av vêrar frå bruksbesetningane. Mange gode kåra vêrlam går til slakt fordi det ikkje er kjøparar. Her har mange eit stort potensiale, trur Ragnhild og Finn.

Rovdyr i utmarksbeitet

Utmarksbeitet ligg eit par mil unna og er del av Sagfjord beitelag. Det ligg slik til

at det kjem jerv frå Sverige inn i beitet. Kongeørn og gaupe tek også lam. Det verste tapsåret var i 1998 da 55 % av lamma vart borte på utmarksbeite. Mange tiltak er prøvd, som breie klaver med luftampullar som skulle verne mot åtak frå rovdyrkjeften. Det meste har vore til lite hjelp.

God oversikt er viktig både for å finne sau og oppdage rovdyråtak tidleg. Dei har difor investert i radiobjeller frå Telespor, og nå skal dei også prøve ut den nye Smart-bjølla. Dei slepper små grupper med sau, fem soyer med lam per pulje, for å unngå at soyer og lam kjem frå kvarandre i samband med slepping. Nå har dei også fått tilgang på eit beite med mindre rovdyr på Ytre Hamarøy. Her er manglande gjerde mot inntak og hagar ei utfordring. Dei skal difor prøve ut "No fence" på ein del av søyene som blir sleppt i dette området. Ingenting skal vera uprøvd, og ein må alltid vera på utkikk etter å gjera ting på ein betre og smartare måte! Ikkje minst gjeld dette med tanke på arbeidstimar.

Pionerar på overskotslam-produksjon

Utmarksbeitet er klassifisert som godt til svært godt av Nibio. Likevel er det ingen soyer som går med tre lam, dette for å forebygge tap. Det betyr at dei årleg har ca 100 overskotslam. Dette har dei drive med i mange år, også før mjølkeautomatane kom i marknaden, og det vart meir vanleg med store flokker med overskotslam. Ragnhild ser at alle utgifter er betalt når ca halvparten av overskotslamma er sendt til slakt. Nøkkeltalsanalyse slakt syner slaktetilvekst på 154 g/dag, og dei aller fleste av overskotslamma blir slakta i slutten av august og starten av september.

Her er Ragnhild og Finn sine viktigaste tips for å lykkast med overskotslam-produksjon:

- Plukk ut livskraftige, helst store vêrlam med potensiale for god tilvekst
- La aktuelle overskotslam få flaskefôring



Beiteslepp i små grupper



Lang frakt av grovfôr krev skikkeleg rundballehengar



Ein takhengt rundballerivar er stort sett einaste mekaniseringa i fjøset

så tidleg som mogleg, slik at dei er vante med smokken

- Maks 10 lam per smokk på mjølketautomat
- Ha godt reinhald på mjølkeutstyret
- La lamma få tilgang på kraftfôr, godt grovfôr og vatn
- Slutt med mjølk når lamma er ca 15-18 kg
- Vaksiner mot pulpanyre når lamma er 5-6 veker gamle
- Slepp lamma ut på beite ca to månader gamle
- Prøv og finn eit beite som er nokon lunde fritt for parasittar
- Bytt beite med jamne mellomrom sjølv om det er att ein del gras på beitet
- Puss beitet. Da har du snart ein nytt fint beite med lite parasittar.

Gode beite reduser kraftfôrforbruket utan at det går utover tilveksten.

Gjetarhunden, både arbeidskamerat, hobby og inntektskjelde

Når Ragnhild og Finn ein sjeldan gong pakkar bilen og tek seg nokre dagar fri, da skal dei som regel på eit gjetarhundstemne. Dei har rundt 10 hundar. Ein må ha reservar å gå på, for å drive med sau utan gjetarhund er utenkleleg. Nett nå er det også 6 søte kvelpar på garden som alle er bortbestilt. Sjølv om det er ein del kostnader og arbeid med kvelpeoppdrett, så er det absolutt mogleg å tena litt pengar på dette også. På veggar og skap er det både diplom og pokalar frå ulike gjetarhundmeisterskap som bevis på at dei gjer det bra i konkurransar også.

Kva må til for å få til ein god gjetarhund?

- Gå på kurs og lær deg korleis ein gjetarhund skal trenast
- Skaff deg gode treningsssauer. Lett spælsau egnar seg godt
- Få deg ein hund som du trivst ilag med. Da går treninga så mykje lettare
- Ha eit areal som egnar seg for trening, og tren mykje!

Lammeringleiar

Nord-Noreg var først ute med å organisere medlemmene i lammeringar. Ragnhild vart sjølvsgåt lammeringleiar og organiserer innmelding, samlasting og inntransport for elleve Nortura-medlemmer i Hamarøy-Tysfjord lammering. Samarbeidet fungerer godt. Ragnhild og Finn har den klart største besetninga, og samlastinga går difor som regel føre seg på Krokan. Kunsten er å få organisert fulle lass. Med fleksibilitet og samarbeidsvilje og ein lammeringleiar som kjenner medlemmene sine godt, så går som regel dette bra!

Satsing på storfe

For tre år sidan var det veldig store grovfôrviljingar, og dei kjøpte inn nokre fôringsdyr for bruke opp overskotsfôret. Dette gav meirsmak, og nå er det 22 ammekyr med kalv på garden. Det kan difor hende at det blir litt reduksjon på sauen og fleire storfe framover. Dette er jo på sett og vis ein enklare produksjon fordi det er færre individ. Det er heller ikkje dumt å ha fleire bein å stå på, for erfaring syner at marknadssituasjonen svingar mellom dei ulike dyreslag. Sambeiting med storfe og småfe for å halde beita i hevd og snyltarane nede, er ein annan fordel med eit slikt

driftsopplegg. Mange av gjetarhundane er også blitt veldig flinke til å drive storfe. Eit enkelt ammekufjøs er alt bygd som tilbygg til sauefjøset, og neste prosjekt er å gjera om sauefjøset i plansiloen til storfefjøs.

Nortura-ambassadørar

Ragnhild engasjerer seg som tillitsvald for Nortura, både lokalt og på sentralt hald. - Vervet som Fagutvalsleiar for småfe er interessant, og her er det viktig å sørge for gode diskusjonar der alle utvalsmedlemmene får kome med sitt syn. Jobben er å produsere gode råd frå småfebonden til styret og administrasjonen i Nortura. Nokre gonger blir ein frustrert når ein synes argumenta ikkje når fram, men hovudregelen er likevel at Fagutvalet blir lytta til, seier Ragnhild

Finn er den som er flinkast til å ta ein diskusjon med kollegaer om kor viktig det er å støtte opp om Kjøttsamvirket.

Det lurar vi på... kvifor er det så viktig å ta vare på Nortura?

Svaret kjem raskt frå Ragnhild: - Samvirket er heilt klart den rette samarbeidsforma. Det er eigentleg ein føresetnad for at vi kan halde fram som frie bønder. Føremålsparagrafen til Nortura er ein paragraf alle bør lese og tenke igjennom. Nortura blir eigd og styrt av bønder, for bønder og overskotet skal attende til oss bønder. Eit godt drive samvirke er ein garanti for best mogleg betaling for produkta våre, og ikkje minst viktig – vi er sikra å få levert det vi produserer i og med at Nortura har mottaksplikt.



Kombinert Sauefjøs og enkelt ammekufjøs som også blir som ekstra areal i lamming



Gode vener



Nortura-ambassadørar



Gjetarhunden passar på at alle blir med!

Er slaktedyra dine transportdyktige?

Både Nortura og Mattilsynet har stort fokus på at alle dyr er transportdyktige når dei blir lasta opp på ein Nortura-dyrebil. Det er difor viktig at alle som er involvert i transport av dyr, set seg inn i kva forskriftene seier. Dette gjeld bonden – som har ansvaret for at dyra han sender til slakt er friske og kan transporterast, og sjåføren – som har ansvaret for at dyra han tek om bord i bilen er transportdyktige.

Mattilsynet har laga ein rettleiar for å gjera det enklare å vurdere om eit dyr er transportdyktig eller ikkje. Dei skriv dette om produsenten sitt ansvar:

"Dyreholderen er den personen som har ansvaret for dyret hos avsenderen. Dyreholderen kjenner dyrene best og skal vite hvilke dyr som er syke eller skadde, eller som har vært det i tiden før transporten.

Dyreholderen er ansvarlig for at dyrene som blir levert til transportøren, er friske og egnet til å bli transportert. Dyreholderen skal også gi nødvendige opplysninger og vise dyrene frem for dyrebilsjåføren, før de lastes på bilen, slik at sjåføren kan gjøre en totalvurdering av dyrene, reisetiden, plass på bilen osv. For eksempel er det nødvendig at sjåføren får opplysninger om dyr som er dårlige til beins, men som tilsynelatende går greit fra fjøset til dyrebilen. Et annet eksempel er opplysninger om drektighet, som sjåføren ikke har mulighet til å vurdere uten korrekte opplysninger fra dyreholderen."

Dyr som er skada eller har skavankar vil gjerne "gøyma" seg i flokken, og dermed kan dei bli lasta om bord utan at dette blir oppdaga. Når flokken kjem inn på slakteriet, viser det seg kanskje at dyret ikkje burde vore transportert. Det kviler difor eit spesielt ansvar på produsenten; han må sjå nøy over flokken før sending. Dyr han er i tvil om skal setjast for seg, slik at sjåføren kan gjera ei vurdering før han laster.

Dyr som blir kassert på slakteriet av årsaker som ikkje kan ha skjedd under transporten, eller dyr som av ein eller annan grunn ikkje er eigna til mat (for eksempel avmagra), vil ikkje bli avrekna på produsenten.

Gå inn på <https://medlem.nortura.no/> og søk på "Transportdyktighet". Da vil du finne ein liten artikkel om temaet og ei lenke der du kan laste ned heile rettleiaren frå Mattilsynet.



Nye gjetarhundrekruttar på gang



Norske designere velger norsk ull

Eksklusive plagg i norsk lammeull

Elisabeth Stray Pedersen er en norsk designer og gründer som har lansert sin egen merkevarer ESP, som består av eksklusive plagg i norsk ull. I vinter ble hun tildelt Jacob-prisen, en av de høyeste utmerkelsene innen norsk design. Alle plaggene er i norsk lammeull og sys på fabrikken til Elisabeth på Økern i Oslo. Elisabeth samarbeider blant annet med Røros Tweed slik at også øvrig produksjon kan skje mest mulig lokalt.

Ull et fantastisk materiale

Elisabeth har drømt om å ha sitt eget klesmerke siden hun var liten. Det var ikke en selvfolge at det ble ull, men med egenskaper som «selvrensning», overlegen isolasjon og ekstrem fleksibilitet, opplever Elisabeth at ull er i ferd med å gjenoppdages, blant både designere og forbrukere, spesielt etter at «fleece» er avslørt som en

haug løst sammensatt mikroplast. –Ull er rett og slett et fantastisk materiale med uendelige kreative muligheter.

Flere vil ha ordentlige saker

–Jeg føler at det er en endring nå. Det er et trendskifte som gjelder alt fra mat til klær, at vi blir mer opptatt av hvordan det vi omgir oss med, blir produsert, sier Elisabeth. –Det virker som om flere og flere nå ønsker at det de har, er ordentlige saker. At de vet hvordan det de eier, er blitt til, og at de ikke bidrar til dårlige ting hvis de kan velge.

Sko i norsk ull

Sko i ull har vært en ny trend internasjonalt. Og sommeren 2020 er det duket for en aldri så liten verdenspremiere. Da lanserer Kastel Shoes sko i norsk ull! Og dette er bare starten! Målet på



lang sikt er å lage sko med 3D strikket ull som kan produseres i Norge. Skomerket Kastel ble opprettet i Sør-California på midten av 90-tallet, men har nå blitt bragt til liv igjen i Oslo. I sommer lanserer Kastel et utvalg sko i ull fra Australia. Men fra og med neste år blir det norsk ull.

Pleddkåpe i norsk ull

Hos Oleana har en ny generasjon eiere tatt over og ny designer har også kommet inn. Det har bidratt til lansering av flere spennende nyheter. En av nyhetene som kommer denne høsten er pleddkåpe i norsk ull. Pleddstoffet er av 100% norsk ull, er vevd hos Røros Tweed, og kåpen er sydd hos Oleana på fabrikken i Ytre Arna utenfor Bergen, så mer kortreist blir det ikke.

Norilia er selvfølgelig leverandør av norsk kvalitetsull til disse nye spennende kundene.

Ta vare på ullkvaliteten!

Norske ullvarefabrikkar og merkevarer set høge krav til ullkvalitet. God ullkvalitet er også viktig for eit godt ulloppgjer. Å ta vare på ullkvaliteten er viktig for ein god økonomi i sauehaldet. Sjef for ullstasjonen på Gol, Terje Bakken, minner om desse viktige tiltaka for å ta vare på ullkvaliteten:

1. Levér tørre lam. Når ein pressar vått ull, skjer det same som når ein pressar vått høy, det går varmt og det blir mugg og ulla blir øydelagd.
2. Unngå bruk av kutterflis ved transport og fjern tistlar fra haustbeitet. Kutterflis og tistlar er dei mest vanlege årsakene til at ull kjem i klasse V i staden for i klasse C1. Dette gir eit pristap på nærmere kr. 60,- per kilo
3. Hald ulla rein. Unngå at ulla blir veldig tilskitna eller full av grovförrestar. Sørg for at lam som blir sluttföra på grovför og kraftför har eit föringsopplegg som held ulla rein. Skitten og tilgrisa ull kan også gje store pristap.
4. Unngå merkemaling i ulla. Ull med merkemaling blir kassert. Bruk i staden sida av mulen til merking. Merk ikkje lamma i ullfellen eller nedst eller midt på mulen, då dette kan føre til at lamma "merkar" kvarandre i fellen.

Under "Rapporter" og "Slakteanalyse sau/lam" på Min Side kan du sjekke kor mykje du får i oppgjer for ulla du leverer, og om du ligg over eller under middelet i Nortura i kr. per kg ull.



Året rundt med Gilde sau og lam

60 produkter i høstsesongen

Gilde kommer også i år med et bredt sortiment på ca. 60 produkter til høstens sesong. Vårt nasjonale produktutvalg består av Gilde standard lammeprodukter som lammelår og færirkålkjøtt, i tillegg til Gourmetlam og Hverdagslam. Vi bygger også videre på spesialiteter og regionserier som selges kjedespesifikt. Hallingskarvet selges hos Meny, og Polarlam, Vinterlam, Gildekjøtt lam og Klosterlam finner du hos Rema. Her må vi nevne at Gildekjøtt lam fikk terneringskast 5 og 6 i Dagbladets smaktest av årets påskelam.

Best resultat med Gilde pinnekjøtt

Gilde møter sterk konkurranse fra kjedenes egne merker på pinnekjøtt, bl.a Henriettes hos COOP og Spekeloftet hos REMA. Gilde har høy preferanse hos forbrukerne, og assosieres med juleglede, tradisjon, høy kvalitet og den beste smaken! Det er derfor ekstra viktig at forbrukeren skal føle seg trygge på at de får et godt produkt når de kjøper Gilde. Vi har i år jobbet med å hjelpe forbrukeren til å oppnå det beste resultat under tilberedningen. Vi har gjort det enklere å lykkes med utvanningen og saltnivået ved å innføre en tabell. Vi har et godt sortiment på pinnekjøtt – både røkt og urøkt, av både lammeside og lammebog. I tillegg satser vi også i år på pinnekjøtt fra regionsseriene våre.





Gilde sau og lam til hverdag og fest

Gilde har jobbet med å aktualisere sau og lam utover den tradisjonelle høstsesongen, og vi ser at forbrukerne blir mer og mer positive til å bruke lammeprodukter på grillen, til hverdagen og til høytider. Jula er kanskje årets viktigste høytid. Derfor lanserer vi portvinsmarinert fårefilet til årets julesesong, en nydelig smaks-kombinasjon som passer perfekt til førjulsselskapet.

I hverdagen blir forbrukerne mer og mer åpne for å bruke Hverdagslam-produktene til å lage spennende og eksotiske matretter. Hovedmålsetningen med Hverdagslam fremover blir å friste, inspirere og ikke minst få enda flere forbrukere til å prøve disse gode lammeprodiktene. Derfor kjører vi ny reklamekampanje i forkant av lammesesongen med fokus på nettopp dette. Kampanjen vil være synlig i sosiale medier og på fjernsyn fra uke 36.

Fårkålens dag er siste torsdagen i september. Denne dagen skal vi selvfølgelig markere, så følg med i sosiale medier!

trend & TRADISJON

ET MATMAGASIN FRA NORTURA PROFF

4. tilgjeve

Back to the
90's

Sjokoladen alle
snakker om:
RUBY
Chocolate

THE TASTE OF
YELLOW

Nortura Proff øker salget av fårekjøtt til sine storkjøkkenkunder

Nortura Proff øker salget av fårekjøtt til sine storkjøkkenkunder Etter den sterke veksten på lam i 2017 har Nortura Proff hatt en liten tilbakegang i salget på lam, men på fårekjøtt ser vi en sterk vekst på de største varelinjene som indrefilet, ytrefilet og benfritt fårekjøtt.

Inspirasjon på mat fra Midtøsten i vårt magasin "Trend og Tradisjon" har vært en stor bidragsyter for å løfte salet på fårekjøtt med flotte bilder og spennende oppskrifter. I mars/april i år dedikerte vi en hel kampanje til Midtøstentemaet med sau og lam i hovedrollene, som viste seg å bli en sterk kampanje. I den nyeste utgaven av "Trend og Tradisjon" er ett av kapitlene "Urkost". Kjøtt på beinet er en sterk trend i proffmarkedet; det føles autentisk, fremhever kokkens teknikker og håndverk – og det ser veldig flott ut med en lammekrone!

Til høsten gjentar Nortura Proff suksessen med sauesanking i Sirdal fra 2017, og listen av kunder som ønsket å være med ble full på rekordtid. Mat med en god historie er verdsatt av kundene, og ingen råvarer har vel en bedre historie enn lam? Nortura Proff jobber for at kundene skal sette lam på menyen hele året, også fra januar til juli. Settes lam på menyen i kantinen, vil dette kunne være med å dra opp etterspørsmålet også i dagligvaremarkedet.

Nå lanserer Proff også en lys lapskaus med fårekjøtt, utviklet i samarbeid med Universitetssykehuset i Tromsø. Denne vil være tilgjengelig for kunder i hele landet. Tilbakemeldingene hittil er veldig positive!

Proff har i år ekstra salgstrykk på spesialiteter, som konseptet "Lam frå Hardanger". De har hatt både interne samlinger og kundesamlinger der de har inspirert med historiefortelling og tips til måter å servere lam på. Nortura Proff er rigget for tidenes lammeseson!

LAMMEKRONE

MED ELDHUSRØKT BACON, BETER
OG ROTGRØNNSAKER

Gilde Lammecarré

Eldhusrøkt bacon i skiver

Selleri

Gulrot

Kålrot

Persillerot

Reddik

Culbete



Gni inn kjøttet med salt og pepper. Brun kjøttet på alle sider i varm panne med litt nøytral olje. Brenn beina av med en gassbrenner for å få brunet hele stykket. Sett lammecarréen på høykant og bind sammen med skivet bacon. Fest baconet i kjøttet på carréen med en tannpirker.

Stek i ovnen på maks 130 °C til en kjernetemperatur på 54 °C og la hvile i ca 20 min. Del reddikene i båter, skrell resten av grønnsakene og kutt de i terninger. Stek grønnsakene i en panne til de er mørre med litt nøyfral olje.

Når lammekronen er ferdig hvilt, settes den på et fat og grønnsakene fylles oppi.



Fagutvalet for småfe i Nortura

Fagutvalet for småfe skal gje konsenstyret og administrasjonen i Nortura råd i saker som gjeld småfe og består av dyreslagsrepresentantane i dei seks arbeidsutvala i Regionane. I tillegg er ein representant frå konsernstyret med. Har du saker som gjeld sau som du ynskjer å ta opp i organisasjonen, så ta kontakt med Fagutval småfe som består av:

Leiar og frå Region Nord:

Ragnhild Engan

Krokan Gård

8260 Innhavet

Tlf: 977 01 895

Region Øst

Mina Klaseie

Klaseiegutua 90

2074 Eidsvoll Verk

Tlf: 482 05 984

Nestleiar og frå Region Innlandet

Hilde Stokke Odden

Folldalsvegen 3003

2580 Folldal

Tlf: 970 69 844

Region Agro

Siv Meling

Åmøyveien 668

4154 Austre Åmøy

Tlf: 992 77 335

Region Midt-Noreg

Bård Tore Berntsen

Øver Illøkkja

7391 Rennebu

Tlf: 901 62 935

Frå konsernstyret:

Inger Lise Arrestad

Rettedal

Mosterøyveien 802

4156 Mosterøy

Tlf: 970 81 415

Region Vest

Reidar Kallestad

Keilegavlvegen, 15

5953 Fonnes

Tlf: 415 60 048

Velkommen til LAM 2020 i Tromsø

Laurdag 7. og søndag 8. mars 2020 inviterer Nortura, i samarbeid med Norsk Sau og Geit og Norsk Landbruksrådgivning, til ny lammekongress på Clarion Hotel Edge i Tromsø. Programmet byrjar å ta form, og vi planlegg foredrag innan desse fagområda:

- Fôring og grovfôrkonomi
- Korleis førebrygge leddbetennelse hjå lam?
- Korleis velje rett strategi mot innvortes parasittar?
- Kan mosjon og god plass i høgdrekktighet førebrygge lammingsvanskar og lammedød?
- Automatisk klassifisering av sau og lam
- Inn- og utmarksbeiting
- Avl med genomisk seleksjon
- Effektivt gjerdehald



På fredag den 6. mars inviterer Team småfe i Nortura Nord til busstur for den som vil sjå området rundt Tromsø.

Ein påmeldingsportal med program, prisar og anna praktisk informasjon vil bli lagt ut på <https://medlem.nortura.no/smaafe/> så snart alt er klart. Dette vil også bli presentert i Sau og Geit nr 5 som kjem ut i starten av oktober.

Vi sjåast i Tromsø!

(Foto: Kari Mørkve Jordalen)

Team småfe i Nortura

Team småfe i Nortura består av rådgjevarar med allsidig kunnskip om sau. Nokre av oss er kombinert storfe- og småferådgjevarar. Vi skal hjelpe småfebonden til eit best mogleg økonomisk resultat gjennom eit godt samarbeid med Nortura og betre drift på garden. På <https://medlem.nortura.no/smaafe/> finn du meir informasjon om oss, fagtilbodet vårt og korleis vi kan hjelpe til å utvikle produksjonen din. Her finn du også eit fagbibliotek med tips og råd om korleis du kan bli ein betre sauebonde. Under "Temahefte" har vi samla alle temahefta våre som handlar om det meste som det er viktig å ha kunnskap om når ein er sauebonde: fôring, inn- og utmarksbeit, helse, økonomi, klauvstell, lammetap og bygging av funksjonelle sauefjøs.

Under "Beregningskalkulatorer" kan du laste ned desse reknearka:

1. Slakteoppgjerskalkulatoren – med dette reknearket kan du rekle på det mest økonomiske slaktetidspunktet for lamma dine.
2. Nortura Saufôring- Med dette reknearket kan du lage ein plan for vinterfôring av sauen og slutfôring av lam som ikkje er slaktemogne.

Før årets lammeseson vil Team småfe arrangere møter for å diskutere sau, marknad og fag. Sesongmøta er også ein viktig møtepunkt for gode sauekollegaer. Fylg med på møtekalenderen på Medlemsportalen.

Team småfe skal vera eit av dei viktigaste verktøyra for sauebonden i Nortura.

Visjonen for jobben vi gjer er:

BEST PÅ SAU, SAMMEN MED OSS!



Tlf: 955 18 000

medlem.nortura.no/smaafe

 **Nortura**